

Årsmelding 2015 for Håvoll småbåtlag

Håvoll Småbåtlag har 141 medlemmer med båtplass og 26 medlemmer utan båtplass. I tillegg til dette har Rjånes Ungdomssenter disponert 2 båtplassar deler av året og Langlo 1 båtplass.

Styret hadde i 2015 følgjande samansetjing: Einar Muren (leiar), Håvard Bjørndal (nestleiar), Jon Magnus Kårstad (kasserar), Jon Inge Vinjevoll (styremedlem), John Ivar Solvang (styremedlem), John Andreas Bjørdal (styremedlem), Olav Bjørkedal (styremedlem), Arve Johan Yksnøy (1. varamedl.) og Erik Vikestrand (2. varamedl.). Styret har avhalde 5 styremøter (same møtefrekvens som i 2014).

Håvoll småbåtlag er gjeldfritt og har ein tilfredstillande økonomi.

Prioritering av oppgåver.

Ei prioritert oppgåve for styret i 2015 var oppheving av tidlegare inngådde avtalar som kunne komplisere lagsdrifta. M.a. for å lette framtidig styrearbeid vart det vurdert viktig å få bort uheldige og/eller uklare avtalar med potensiale for framtidig konflikt som krev unødig tids- og energibruk. Avtalen med Rjånes ungdomssenter burde vore oppsagd som del av utparsellering av nausttomter i 2013, og vart difor sagt opp av småbåtlaget med verknad frå 01.01.2016. Det vart i samband med oppseiing (august 2015) invitert til forhandling om evt. økonomisk kompensasjon for tidlegare avtale, og det har vore møter mellom partane utan at formelle krav så langt er blitt konkretisert. Dette må avklarast og slutførast våren 2016. I tillegg er ein tidlegare mellombels avtale om køyring over laget sin parkerings-/lagerplass i byggeperioden for to hytter aust for friluftsområdet oppheva. Etter at det etter 8 år ikkje var teke initiativ til opparbeiding av permanent tilkomst i samsvar med gjeldande regulering, var det vurdert nødvendig å rydde opp i dette for å unngå framtidig konfliktpotensiale og avgrensa råderett over laget sin eigedom. Styret gav romsleg frist (01.06.2016) før stenging for gjennomkøyring, men konflikt kring inhabilitet hjå eitt styremedlem har likevel gjort saka unødig energikrevjande. Dette stadfestar at styret si prioritering for å lette framtidig styrearbeid har vore rett.

Investering.

Vedtak om investering i m.a. nytt kjøkken og teknisk anlegg i klubbhuset for å fremje utleigeinntekter av huset, var fatta av tidlegare styre. Styret har difor i 2015 fått dette gjennomført på ein kostnadseffektiv måte for laget. Det som står att er mindre reparasjonar av utvendig tak, som p.g.a. sjukdom måtte utsetjast til våren 2016. For å førebyggje alvorlege ulukker i hamna, gjekk styret inn for ei stegvis investering i redningsstigar. 11 stigar vart innkjøpt og montert i 2015. Asfaltering av veg vart utsett p.g.a. byggjeaktivitet og avklaring av evt. økonomisk kompensasjon ved oppseiing av avtale med Rjånes ungdomssenter.

Planar.

Styret sonderte i 2015 realisme i evt. bunkringsstasjon knytt til hamna. Aktuelle selskap såg ikkje interesse i investering og drift av bunkringsstasjon p.g.a. at krav om min. 400 000 l årleg salgsvolum var vurdert som urealistisk. Heller ikkje styret fann det forsvarleg p.g.a. manglande lønsemd å prioritere investering for å få dette realisert. Styret har i tillegg drøfta potensialet evt. masse frå framtidig Ørstafjordkryssing kan gi for utbygging av hamna. Dette vil det bli gitt eiga orientering om i årsmøtet.

Rjånes 11.02.2016